



Granit Radøy AS
Vetåsvegen 181
5938 SÆBØVÅGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/813 - 17/6856

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
23.05.2017

Byggesak gbnr 45/10 Manger - kaianlegg, planering av industriområde på land og undervassprenging - tilleggsøyve/endringsøyve

Delegasjonssak nr.: 135/2017

Tiltakshavar: Granit Radøy AS
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1 – endring/tilleggsøyve

Saksutgreiing:

Tiltak

Ansvarleg søkjer har i e-post av 23.05.17 stadfesta at undervassprenging inngår i søknad om løyve til tiltak av 26.04.17.

Kommunen har i delegasjonssak 132/2017 ikkje teke stilling til undervassprenging, og tiltaket undervassprenging vert difor handsama i eiga vedtak. Vedtak i denne saka gjeld som tillegg til/ending av vedtak i sak 132/2017.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonskart datert 22.03.17, mottatt 23.05.17.

Handsaming etter andre lovverk

Kommunen har ikkje høve til å handsame søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova før det ligg føre løyve frå andre vedtaksstyresmakter, jf. Pbl. § 21-5.

Det ligg føre løyve til undervassprenging frå Bergen og omland hamnevesen av 05.05.17.

Miljødirektoratet har i e-post av 23.05.17 stadfesta at direktoratet sitt vedtak av 21.04.17 omfattar løyve til undervasssprenging/mudring etter forureiningsforskrifta kap. 22.

Kommunen gjer merksam på at det er satt vilkår i miljødirektoratet sitt vedtak som må følgjast opp av ansvarleg utførande i tiltaket.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Føretaket **Sjøentreprenøren AS**, org.nr. 980 649 504, har erklært ansvarsrett som **ansvarleg utførande (UTF)**.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen legg til grunn at tilhøve til naturmangfaldslova er vurdert av Miljødirektoratet som vedtaksmynde etter forureiningslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 k vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for utføring av undervasssprenging.

Vedtaket gjeld som tillegg til/ending av vedtak i sak 135/2017.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.8	Delt sakshandsaming	1	2 700
	Totalt gebyr å betala		2 700

Klage på gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngeven.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/813.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

A Stab AS

Midtunhaugen 10 5224

NESTTUN

Mottakere:

Arkoconsult AS

Postboks 103 5291

VALESTRANDSFOSSEN

Granit Radøy AS

Vetåsvegen 181 5938

SÆBØVÅGEN